tvil om. Det er skulen som må ta ansvar for at det ikkje blir presentert eit glansbilde av næringslivet, eller ein-sidig propaganda. Eg trur ingen lærarar er så naive at dei presenterer interesseorganisasjonen NHO sitt budskap som den fulle og heile sanninga, seier informasjonssjef Opperud.

## Stopp propagandaen!

**S**ituasjonen er altså at det fins en ivrig klassekamp-organisasjon som driver propaganda for eierklassens interesser i skoleverket, mens arbeiderklassen ikke har noen tilsvarende iherdig organisasjon. Det betyr at det er opp til oss. Elevene må

sjøl sørge for at propaganda for eierklassen og for hvor fint det er med classesamarbeid ikke får stå uimotsagt på skolen. Vi må sjøl stille spørsmål ved Sannhetene i pensum, både når det kommer fra staten og når det kommer fra kapitalen. Når vi

blir tuta ørene fulle av hva som er "Viktig For Konkurransesevnen", er det vår oppgave å spørre: Hva er viktig for arbeidfolk? Hva er viktig for kvinner? Hva er viktig for folka i tredje verden? Og så må vi sette i gang med å finne svarene!

"Partnerskap" er ikke veldig utbredt i Norge, men det er på vei. Det fins en internasjonal organisasjon som heter International Partnership Network, som skal ha konferanse i Norge i 1998, etter det Rebell veit.

# Vil NHO ha

# Lærlingplassar til alle?

Av Magnus E Marsdal

**T**usenvis av elevar vart ståande utan lærlingplass i fjor haust, og må gå såkalla VK2 på skulen.

Bedriftene velgjer sjølv ut kven av dei som søker lærlingplass som får det. Det er altså korke demokrati eller "like rettar", kapitalen avgjer heilt på eiga hand.

"Alle" er veldig lei seg for at mange ikkje fekk lærlingplass, og Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) laga annonser kor det sto "Røsk oss i slippet!". NHO ville visa at dei er med og "tek ansvar" for at folk skal få lærlingplass.

Men kvifor skulle dei dét? NHO har aldri før gjort ein innsats for folk flest, berre for lommeboka til kapitalistane. Rebell trur ikkje eitt sekund på at NHO er ein samarbeidspartnar i kampen for lærlingplass til alle, tvert imot. NHO har *interesse* av å kunne sortera arbeidskrafta, altså gje fullverdig opplæring til dei som dei liker best, og la resten gå alle fire åra på skulen. For kvifor gje alle lærlingplass når mange uansett skal bli arbeieslause? Og kvifor ikkje laga eit skilje mellom "fullverdige" fagarbeidarar og dei som ikkje har vore ute i lære, slik at ein har ulike grupper som kan setjast opp mot kvarandre?

## -Ikkje heilt fortapt...

Rebell har snakka med NHO for å høyra kva kapitalens interessorganisasjon sjølv har å seia om lærlingsplassspørsmålet.

*-Er det viktig for bedriftene å få folk som har vore i lære, altså ikkje VK2-elevar?*

-Ja, det er jo ikkje utan grunn at det er lærlingordninga som er hovudmodellen for fagutdanninga. Dersom VK2-elevane skulle bli like attraktive eller betre enn lærlingane måtte ein jo stilla spørsmålteikn ved heile ordninga. Dette seier fagsjef Baard Johannsen i NHO til Rebell.

*-Slik sett er altså lærlingar meir verdt, og dei som ikkje får lærlingplass har eit alvorleg problem?*

-Jo, eg trur også elevane ser det slik, dei søker jo lærlingplass. Men du er jo ikkje fortapt for all framtid sjølv om du går VK2, då.

## OK for NHO?

Situasjonen er altså at NHO-bedriftene får velje ut kven som skal få lærlingplass, etter akkurat kva kriterie dei sjølve vil. Det er *elevane* som har problemet med at det er for få plassar, ikkje bedriftene.

*-Er det ikkje egentleg heilt OK for NHO at det manglar lærlingplassar, det er jo elevane som får problem med å vera VK2-elev og dermed stilla svakare på arbeidsmarknaden?*

-Nja, det kan du seia. På den andre sida, hm, det kjem heilt an på. Dersom det er slik at det manglar lærlingplassar fordi bedriftene ikkje er flinke nok til å ta inn lærlingar, då kan bransjen få eit problem. Men dersom det manglar plassar rett og

slett fordi det er for mange søkerar, då har ikkje bransjen eller bedriftene noko problem, det er det samfunnet og den einskilde eleven som har. Men NHO spekulerer ikkje i dette med at det manglar plassar, slike tankar har vore fjernt frå oss.

*-Å, kvifor det?*

-Jo vi er ein støttespelar for Reform 94, og vi trur jo på at systemet med to år på skule og to år i lære er det rette.

*-Jo, det veit vi, men vi snakkar no om at det er heilt OK for NHO at det er for få lærlingplassar, slik at bedriftene sjølve kan velgja kven dei skal slippa inn i dette utmerka 2+2-systemet.*

-Joda, for den einskilde bransjen eller bedrifta er det ikkje noko problem at det står mange i kø, det er det same som når folk står i kø for å få jobb. Men det blir sjølvsagt problem for våre bedrifter når det er slik at det er overskot av lærlingsøklarar i nokre bransjer medan andre ikkje klarer å få tak i lærlingar.




Foto: Meret Rosenberg

## Ei ordning for eigarklassen

**L**ærlingordninga er ei gåvepakke til kapitalen, betalt av folk flest over skattesedlen og av lærlingane sjølve. Lærlingane betaler gjennom å vera veldig billig arbeidskraft i læretida. I tillegg er lærlingplassane kraftig subsidiert av staten.

Dvs at kapitalen, bedriftseigarane får ferdig levert eit utval av arbeidskraft, produsert på det offentlege si reikning, som bedriftene sjølv kan gjera sitt eige utval i frå, utan å ta noko ansvar for dei som ikkje får lærlingplass. Det er liten tvil

om dette systemet aldri vart laga til beste for folk flest eller elevane, det er eit system tilpassa "næringslivet" altså eigarklassen.

NHOs Baard Johannsen sit motargument mot denne framstillinga er:

*-Men kvifor står ikkje då alle NHO-bedriftene i kø for å få lærlingar, det er mitt motspørsmål til deg.*

*-Poenget er jo at det er bedriftene som heilt suverent får velja ut akkurat den arbeidskrafta dei vil ha, og får det meste gratis.*

*-Reint økonomisk er ikkje lærlingordninga spesielt lønsam eller noko gåvepakke til bedriftene. Og vi ser det som sjølvsagt at bedriftene velgjer sjølve, det er utenkjeleg å ha eit system kor ein blir påtvunge lærlingar.*

*-Kvifor det, kan ikkje bedriftene vera med og ta litt samfunnsansvar?*

*-Det er det jo mange bedrifter som gjer. Men kva slags læresituasjon ville ein fått med eit slikt system?*

## Stopp kapitalens diktatur!

Javel. Eigarklassen har makta. Også innafor yrkesutdanninga; det er eigarklassen sine behov som avgjer kva utdanning som er "nyttig" og kven som får lærlingplass. Sjølv om det er fellesskapet som betaler utdanninga. Difor er Raud Ungdom revolusjonært; vi vil gjera ende på klassesamfunnet. Då må vi fyrst gjera slutt på makta til eigarklassen, og gjera "næringslivet" til felleseige for alle. Enkelt og greit. Og det kallast sosialistisk revolusjon.

## Norsk Elevorganisasjon:

## Hånd i hånd med NHO?

Av Trude Sørensen

Som artikkelen på forrige side antyder, tror Rød Ungdom ingenting på at skoleelever og NHO har felles interesser i lærlingspørsmålet, tvert i mot. Dette temaet kom også opp under *Norsk Elevorganisasjons 3. ordinære Elevting* i mars. Under beretningsdebatten ble fjorårets NEO/NHO-kampanje med "lærlingetelefonen" som skulle gi informasjon og hjelp til folk som mangla lærlingeplass kraftig kritisert.

Ikke bare fordi telefonen ofte ikke ga hjelp i det hele tatt (se *Rebell* 5/96), men også fordi det er feil av en organisasjon som skal stå i spissen for elevenes krav å sette seg på samme side av bordet som NHO, ta telefonen og smile pent. Uansett om NHO betaler penger for det.

**Vem vet, inte jag...?**

Det ble også stilt direkte spørsmål om det var planlagt liknen-

de samarbeid også til høsten. "Mnjaa..." svarte NEO-leder Heidi Arnesen Austlid og så i gulvet, og var helt enig i at egentlig så hadde ikke NEO-elever og næringslivsdirektører så mye felles, men nå var det sånn at staten ikke ville gjøre det de skulle osv. osv. "så mnja, vi vet ikke helt..." Derfor tok det seg dårlig ut dagen etter da NHO-mannen som holdt hilsningstale syntes dette NEO/NHO-samarbeidet var så flott og han var glad for at dette skulle fortsette til neste år med en *lærlingentral!* Så dét viste NHO, mens NEOs høyeste organ ikke fikk høre særlig mye. Hmm...

**Oppkjøpt?**

NEO har et enormt under-skudd, og ledelsen må skaffe penger. Derfor er det kanskje ikke lett å si Nei, når staten, LO og NHO tilbyr en hel masse penger til å finansiere en Lærlingentral. Så kan NEO ha et "tilbud" til yrkesfagelever, uten å bruke penger, ja det kan tvert imot bli lønnsomt.

Men det er kanskje heller ikke så rart at dette ikke er noe NEO-ledelsen snakker så høyt til Elevtinget om. For hvordan skal NEO kunne gå i spissen for tusenvis av forbanna elever, slå i bordet og kreve at folk skal få lærlingplass, hvordan skal NEO kunne legge ansvaret og skylda der den hører hjemme når plassmangelen blir en stor sak til høsten, når NEO allerede har satt seg ned på den andre sida av bordet, og tar telefonen på vegne av motparten, når fortvila og sinte elever ringer?

Nei, dét blir ikke lett. For da er man allerede ansvarliggjort. Kjøpt opp. Og NHO og staten har blitt kvitt det som kunne blitt en spydspiss og en kamporganisasjon for et helt rettferdig og riktig opprør mot at det mangler tusener på tusener av lærlingplasser.

**Do the right thing!**

NHO og staten har vært med i gamet lenge, folk som sitter i

NEO-styrer er bare innom et par år. Men det er likevel mulig å skjønne at Penger Er Makt, slik som NHO har skjönt. Og da er det også mulig for landsstyret i NEO å si Nei til å bli kjøpt opp av motparten. Saken er enda ikke avgjort, siden NEO ikke klarte å lage et Elevting mer demokratisk enn at man ikke rakk å behandle arbeidsprogrammet! Det måtte bare oversendes til landsstyret.

Gir dette et dårlig inntrykk av NEO? Hvis du synes det, er det bare én ting å gjøre:

Engasjer deg i NEO på din skole, eller NGS hvis du går på NGS-skole, og gjør ditt for å skape en demokratisk elevorganisasjon som er i stand til å kjempe for våre interesser. Forandring må skje nedenfra, sett i gang!

**Ringve vs:****Stå på, stå sammen!**

Av Kjersti With Knudsen

En elev blir henta ut fra klasserommet sitt av rektor fordi noen har mistanke om at hun går i narkorus på skolen. To politimenn står utenfor, og tar henne med seg på rektors kontor for ransaking. Rektor forteller alle medelevene at denne eleven er "proppfull av narkotiske stoffer og har et alvorlig narkotikaproblem". Etter ransakelsen blir jenta kjørt vekk i politibil. Dette er på Ringve videregående i Trondheim.

Dagen før dette skjedde hadde nestleder i elevrådet på skolen fått høre av rektor på

skolen at det var så store problemer med narkotika at de nå vurderte å koble inn politiet på skolen. Spesielt var det 8 elever de hadde under oppsikt og de vurderte å hente elevene ut fra klasserommene for ransaking. Disse tiltakene skulle selvfølgelig diskuteres nøye gjennom før de skulle brukes, og alle elever skulle få beskjed om hva slags tiltak som var på tappe. Elevrådet skulle få mulighet til å uttale seg om hvordan vi mente narkotika bør bekjempes.

**Fornøyd rektor**

Men politiet kommer altså allerede dagen etter. Elevråds-

styret springer til rådgiverne, som ikke aner hva som har skjedd, og ikke kan fortelle om dette er lovlig eller ikke. NEO (Norsk Elevorganisasjon) blir varslet og bekrefter elevrådsstyrets mistanke om at dette absolutt ikke er lov. Rektor har brutt taushetsplikten sin og metoden er ikke god. Elevene kontakter ungdomspsykiatere, PP-tjenesten og Utekontakten og alle synes framgangsmåten til rektor og politi høres helt upedagogisk og direkte feil ut. Rektor og administrasjonen, derimot, er fornøyd med aksjonsformen, bortsett fra at rektor

beklager å ha brutt taushetsplikten.

**Aksjon!**

Vi innkalte til elevrådsmøte på 1 times varsel. Elevene møtte fulltallig opp! Vi vedtok å lage demonstrasjon. Vi skulle boikotte undervisninga en time, elevrådsleder skulle informere om hva som hadde skjedd, det skulle være appeller, sang og kamprop. Vi tok kontakt med pressa, og på den store demonstrasjonsdagen var det 500 elever som talte skoleledelsen midt i mot, og som nektet og godta narokoaksjoner på skolen som hengte ut "mistenkte" ele-

Manglerud vgs:

# Kamp for elevenes interesser!

**Når ingen gidder å gå på møtene og de færreste skjønner vitsen med elevråd, blir det bare graut. Men Det Må Ikke Være Sånn!**

Av Tor&Alex

**D**e revolusjonære på Manglerud vgs i Oslo er på hogget! Godt representerte i elevrådet drar vi i gang aktiviteten. For en tid siden kom det ikke mer enn fem til fem og en halv person på elevrådsmøtene. Kommunikasjonen mellom styret og klassene var laber, demokratiet sjangla og ingen brydde seg om noen ting!

I februar blei det valgt et nytt styre, og det gjorde susen. Nå kommer det over 20 stykker på møtene og det er ikke lenge igjen til samtlige klasser er representert. Dette feirer vi med sjokolade og godterier på møtene (yum!). Aktiv innsats fra revolusjonær ungdom er det som skal til for å få fart på elevdemokratiet!

Rød Ungdom arrangerte åpent møte på skolen om kamp mot papirpenger, og mange titalls elever møtte opp. Og vi nøy-er oss ikke med prat, elevene satte ned ei gruppe som jobber videre med å få avskaffa papirpengene.

## Mange komiteer = aktivitet

Stikkord for elevrådet på Manglerud er komité! Disse komiteene finnes foreløpig:

**Papirpenge-komite:** Blei starta i november og jobba med å støtte folk som ikke hadde råd til å betale. Har skrevet diverse brev til administrasjonen og har som hoved mål å realisere lik rett til utdanning gjennom å fjerne dårlig skjulte skolepenger.

**Mobiliseringskomite:** Jobber med å få alle elevrådsrepresentantene til å komme på møtene.

**SOS Rasisme:** Jobber med å opprette SOS-lag på skolen

**Ungdom Mot Narkotika:** Jobber med å opprette Slå Tilbake-gruppe på Manglerud.

**Aksjon Mot Vold:** Jobba stort sett i fjor da en elev på skolen blei drept av tilfeldig vold. De har gitt ut en CD!

**Grønn skole:** Jobber med et prosjekt starta av Miljøheimvernet som går ut på å kildesortere søppel og gjøre Oslo-skolene grønnere.

**Do- og gardin-komite:** Jobber får å

bedre toalett-forholda og inventaret på skolen.

**Valgfag-komite:** Jobber for å bedre valgfag tilbudet på Manglerud på tvers av linjene.

**Manglerud rollespillerlaug:** Spiller rollespill etter skolen på mandager.

**Skoleavis:** Jobber for å komme igang med å lage skoleavis.

Elevrådet fungerer nå kjempebra og skolestyret har lova oss masse penger!!!!



Foto: Merete Rosenber

ver. Elevene var forbanna over måten ledelsen tillot seg å behandle elever på, og forbanna over at viktige beslutninger ble tatt uten at de fikk være med. Rektor kom under demonstrasjonen ut og beklaget sitt brudd på taushetsplikten, men talte samtidig varmt om den store gjensidige tilliten det var mellom ledelse og elever... Elevene lo godt.

## Etterpå

Elevene på skolen satte i gnag

et omfattende arbeid med narkotikaproblematikk og rettningslinjer for arbeid mot narkotika på skolen. Rektor ble sykmeldt, og har fortsatt etter 4 måneder ikke kommet tilbake til skolen. Elevrådsstyret på skolen arrangerte møte om narkotika for alle skolens til-liteselever, skoleledelsen, politiets forebyggende gruppe, PP-tjenesten og representanter fra alle vgs. skoler i Sør-Trøndelag. Elevene innkalte til møtet, elevene styrte møtet og

elevene la mange av premisse- ne for videre arbeid i skolen. Det er nå satt ned en foredrags-gruppe som skal rundt i alle klasser for å skape debatt om narkotika.

## Viktige saker

Det nytter, selv å tale makta midt i mot. Nå har skoleledelsen møte med elverrådsstyret hver uke, og har skjont at det lønner seg å gi elevene innsyn i hva som skjer før det gjen-nomføres.

På Ringve vgs. er det gratis bind og tamponger til alle jentene, tilgang på internet og datamaskiner både i skoletida og på kveldstid, markering av 8.mars (sponset av elevrådet), bøllekurs arrangert i regi av elevrådet, porno- foredrag i klassene, og altså aktivt arbeid mot narkotika. Bruk skolen som en plass til å kjempe for å være der beslutninger tas, og for et referdig samfunn. Stå sammen og stå hardt. Det nytter!

# 1. mai:

# KAMPDAG ELLE KOSSEDAG?

1. mai som internasjonalt kampdag for arbeidarklassen er ein tradisjon som starta i 1890. Utgangspunktet var at American Federation of Labor i USA hadde planlagt ein generalstreik for kravet om 8-timars arbeidsdag 1. mai 1890.

Den 2. Internasjonale (internasjonalt samslutning av sosialistiske organisasjonar) vedtok "å organisere en stor internasjonalt manifestasjon" til støtte for 8-timars-dagen og andre arbeidarkrav.

Toget i Oslo i 1890 samla 3600 folk, i andre norske byar vart det skipa møter. Året etter vart det 1.mai-tog fleire stader.

**1. mai skal vera arbeidarklassen sin dag. Sosialdemokratane har freista gjera 1. mai til ein ufarleg Regjeringsdag, og har ofte fått det til. Men på 70-talet var ofte dei raude toga langt større enn Ap-toga, og kampen om 1. mai held fram!**

Av Magnus Engen Marsdal

På 70- og 80-talet var det hard kamp om 1. mai i Noreg. Revolusjonære tog for klassekamp stod mot sosialdemokratiske tog for classesamarbeid. I 1976 gjekk det omlag 10 000 folk i det radikale

ikkje heilt daud enno, til dømes gjekk det to tog i Oslo i 1996.

### Reform mot revolusjon

Kamp om innhaldet i 1. mai var ikkje noko nytt då dei radikale toga kom på 70-talet. Heilt sidan 1890-talet har det vore strid om arbeidardagen mellom dei revolusjonære og dei reformistiske kreftene i arbeidarrørsla. Reformistane går inn for classesamarbeid og 1. mai som "kosedag" med krav som dei fleste kan vera samde om, dei revolusjonære meiner det trengst krav som klårt tek stilling i klassekampen; for arbeidarklassen. Serleg i tida etter andre verdskrigen har reformistane, gjennom Det Norske Arbeidarparti, hatt eit kraftig overtak i arbeidarklassen i Noreg. 1. mai engasjerte stendig færre folk.

–På 60-talet var 1. mai ein regjeringsdag, med Ap-lojale fagforeiningar som bar paroler om at regjeringa var bra og slikt. Oppslutnaden var så låg at dei vurderte å avlysa heile tradisjonen med tog 1. mai. Det var dette som var utgangspunktet for at det vart laga meir radikale tog, som fekk stor oppslutnad. Dette seier Tron Øgrim, sentral i Arbeidaranes Kommunistparti -AKP(ml)- på 70- og 80-talet, og i forløparen SUF-ml på 60- og 70-talet.

–Serleg motstand mot Vietnamkrigen var viktig i dei fyrste radikale toga. Dei vart organisert med utgangspunkt i miljø til venstre for Ap, i SUF, moderpartiet SF (seinare SV) og i Vietnam-rørsla.

### Massemobilisering!

Hadde ein i 1960, i det sosialdemokratiske Noreg med sin trykkjande klassefred, påstått at det i 1976 ville vera 10 000

folk i eit meir eller mindre revolusjonært 1. mai-tog i Oslo, ville ein vorte sendt til psykiolog. Og så var det heller ingen som påstod noko slikt i 1960. Men det skjedde altså, eit enormt oppsving for radikale og revolusjonære krefter, ikkje minst mellom ungdommen. Dei beste åra gjekk det over 100 klassekamp-tog i Noreg 1. mai! Vi ba Tron Øgrim fortelja om desse toga, og korleis dei kun-



1. mai er ein dag for kamp mot Unionen.

Faglig 1. mai-front-toget, medan det gjekk 4200 i det Ap-lojale Samorg-toget. Det var slett ikkje uvanleg at dei radikale toga var større enn dei sosialdemokratiske, og tradisjonen med alternative radikale tog er





Tron Øgrim  
Foto: Kjetil Skjold

sasmen og aktivismen på grunnplanet var det som drev fram den radikale 1.mai-rørsla.

### Ein kulturell fest

Kjerna i arbeidet med fagleg 1. mai-front vart etter kvart opposisjonelle fagforeningar som slutta seg til gjennom vedtak. Men alle slags andre grupper var òg energisk med i arbeidet.

–I 1977 kom det folk frå barnehagar og sjukehus, det kom elevar og ballettdansarar. Dei frå sjukehuset trilla ei sjukeseng, dansarane opptredde i toget, folk spelte musikk og teater, det var mykje moro, nesten litt karneval. Folk kom med paroler dei hadde måla sjølv, med deira eigne krav. Dette var ikkje noko partimarkering, det var Folkets tog, der folk kunne koma med sine meiningar om verda og sin eigen situasjon, seier Øgrim ivrig.

SV var ikkje med på moroa, bortsett frå i 1973. Erik Solheim snakka med forakt om dette som tog fopr "Blåsbort Vel", altså tog for ei kvar

"uviktig" velforeining og ein kvar "uviktig" sak.

–Nettopp det var det og, dette er noko politikarar aom Solheim aldri kjem til å skjønna.

### Har endra 1. mai

I dag er det ikkje slik at opposisjonelle 1.mai-tog feier sosialdemokratane av banen 1. mai. Er det noko att av det som skjedd på 70-talet?

svarelege" paroler på 1. mai. Sjå til dømes noko av det Samorganisasjonen i Trondheim har vedteke for årets 1. mai, med Yngve Hågensen som hovudtalar:

- ♦Ut av EØS!
- ♦Nei til Schengen!
- ♦120 000 arbeidsløse er regjeringas ansvar - bruk oljefondet!

ne danka ut sosialdemokratiet så kraftig.

–Det er i alle høve tre ting som kjenneteikna desse toga. 1: Dei var ikkje partimarkeringar. Dette var aldri AKP-tog, sjølv om AKP med kvart vart ei ryggrad i organiseringa. Dette var tog for alle som ville markera ein radikal opposisjon, heilt utan at partiinteresser spela inn. 2: Dette var yngre tog. Ungdommen var radikal, og difor ikkje hypp på å gå i tog til ære for det borgarlege sosialdemokratiet, og dei regjeringslojale toga representerte liksom heile Det Gamle Samfunnet som ungdom var i opprør mot. 3: Dette var aktivisttog, organisert nedanfrå. Dette er var heilt avgjerande for at toga vart såpass store. Den enorme entusi-



1. mai 1996



–Ja, ein masse. Arven frå Fagleg 1.mai-front pregar i dag alle samorg-toga, i alle fall i dei større byane. Dette er eit preg som finst ute mellom folk. Det var dei radikale toga som innførte tradisjonen med at toget er åpne for alle slags krav og paroler som folk kan koma med sjølv, så lenge dei ikkje strir mot det vedtekte parolegrunnlaget. Før var det stort sett berre offisielle ferdigtrykte paroler. Det var dei radikale som innførte 1.mai-frukosten. Det var på det radikale 70-talet at kvinnekampen kom tilbake i Noreg, og miljøkampen brøyt igjenom. Dette finn att på 1. mai i dag, også utan at det går eget opposisjonstog. I det heile teke det at 1. mai er ein dag der folk kan gjera noko sjølv, det er noko som kom med Fagleg 1. mai-front.

Og det er definitivt slutt på at pampane i LO og DNA kan vera sikre på at deira lojale tenarar i fagrørsla kan sikra "an-

- ♦"Solidaritetsalternativet" : Moderasjon for oss, utbyttefest for kapitalen.
- ♦Regjeringas flyktningepolitikk er en skam.
- ♦6-timers normalarbeidsdag med full lønnskompensasjon!

### Revolusjonær offensiv?

Trur så Tron Øgrim at den revolusjonære 1.mai-offensiven kjem attende?

–Historia gjentek seg aldri. Til dømes er jo utgangspunktet eit heilt anna i dag, sidan dei radikale toga har ført til store endringar også i den samorgstyrte 1.mai-tradisjonen. Og det er ikkje forma eller namnet frå 70-talet som trengst for å få til noko, det er metoden. Altså opposisjonstog, ikkje partimarkering og massemobilisering og aktivisme nedanfrå. Denne metoden vil vera riktig også i andre situasjonar enn den vi hadde på 70-talet, avsluttar Tron Øgrim.

Samorg er ei forkorting av Fagleg Samorganisasjon.

Samorg er ei samordning av alle LO-foreiningane lokalt, og tradisjonelt arrangør av 1. mai-tog.

# 3x imperialism

## BANANER, MILITÆRKUPP OG COCA COLA I GUATEMALA

Av Sigurd Jorde

**G**uatemala havna igjen på nyhets-kartet da landet skreiv under den endelige fredsavtalen som avslutta borgerkrigen 29. desember i fjor. Det har vært krig i Guatemala i nærmere 36 år, en krig mellom radikale geriljagrupper og militæret. På 90-tallet har geriljaen og myndighetene hatt en fredsprosess som har endt med ei rekke omfattende fredsavtaler og en endelig våpenhvile på tampen av 1996. Fredsprosessen har bølga fram og tilbake og har vært nøye fulgt av resten av verden, bl.a.

Norge. Fredsprisen til Rigoberta Menchu har blitt et symbol på indianernes situasjon, men hun selv spiller ikke lenger noen viktig rolle blant de folkelige organisasjonene i Guatemala.

Borgerkrigen har vært utkjempa mellom geriljagrupper forent i URNG, den nasjonale, revolusjonære enheten for Guatemala, og militæret. Militæret har styrt landet nesten sammenhengende siden 1954, både indirekte under sivile presidenter og direkte under militær kontroll. Guatemala

har derfor blitt veldig militarisert, og militæret har stor kontroll over samfunnet, både militært, økonomisk og politisk.

Samfunnet har vært prega av et stort antall drap og "forsvinninger" utført av militæret og dets undergrupper. I 1982 satte de inn en stor offensiv mot landsbygda som rykka opp hele samfunnet og skapte over en million flyktninger i og utafør landet. Offensiven kutta på mange måter forbindelsen mellom landsbygda og geriljaen, noe geriljaen har slitt med helt til idag.

### Imperialismen


Historia og utviklinga i Guatemala er ikke isolert fra resten av verden. Den har hele tida vært nært knytta opp til hvilke ønsker USA har hatt for landet, og interessene til kapitalister i og utafør Guatemala. Imperialismen har i 500 år vært ei hoveddrivkraft i utviklinga i Guatemala og resten av Mellom-Amerika, ikke minst gjennom USA-imperialismen i vår tid. Vi skal se på tre konkrete eksempler som viser hva dette handler om: Bananer, militærkupp og Coca-Cola.

## BANANER

**U**nder 1. verdenskrig klarte USA å komme på offensiven ovafor England og Tyskland, spesielt i Latin-Amerika. I Guatemala var amerikansk kapital representert ved "den uhellige treenighet" av *United Fruit Company* (UFCo), *International Railways of Central America* (IRCA) og *United Fruit Steamship Company* (UFSCo). Denne treenigheten dominerte helt Guatemalas økonomi, slik den også gjorde i Nicaragua og Honduras. I styret for selskapet satt *de Dulles-brødrene*, hvor den ene var statssekretær i USA og den andre seinere blei leder for CIA.

### Staten = et redskap for UFCo.

UFCo (*United Fruit Company*) etablerte seg i Guatemala første gang i 1901. De fikk omfattende særrettigheter fra staten da de i 1904 bygde jernbane fra hovedstaden til havna på den karibiske kysten. Jernbanen blei grunnlaget for banankompagniets makt i Guatemala. Jernbaneselskapet fikk rettigheter til store landområder på hver side av jernbanesporet. I 1924 fikk de 25 miles på hver side til en utrolig lav årlig leie. Samtidig fikk de rettigheter til trevirke og vann på langs sporet. De fikk også skattefritak for jernbanen i 99 år og 35 års skattefritak for transport av jordbruksprodukter. Etterhvert utvida de spo-



Guatemala by.

Foto: Klassekampen.

ret til Stillehavskysten, og fikk fullstendig monopol på jernbanedrift i landet. I 1930 åra kontrollerte de trolig 40% av Guatemalas økonomi og i 1941 fikk 25 000 mennesker sin daglige inntekt fra UFCo.

Staten gikk vanvittig langt for å støtte de amerikanske frukt-kapitalistene i UFCo. Guatemala vedtok en lov som forbød staten å binde selskapet med lover med mindre lovene på forhånd hadde blitt forhandla fram mellom staten og UFCo. Staten hadde også forbudt seg sjøl å ha innsyn i UFCos regnskap. Dette gjorde at staten aldri kunne kontrollere om de betalte nok skatt, noe de heller aldri gjorde.

Skatten var dessuten vanvittig lav, i 1928 godtok (!) selskapet 1,97% skatt på eksportverdien av bananene.

### Kontroll over jorda

Selskapet kontrollerte også enorme landområder: i 1934 hadde de 3,5 mill acres, hvorav bare 115 000 var oppdyrka. Mesteparten lå altså brakk, og hindra at konkurrerende selskaper kunne starte bananproduksjon langs jernbanesporet. De som prøvde risikerte at jernbanen ikke tok med seg bananene når de var modne, eller at UFCo-båtene ikke ville kjøpe bananen når de var kommet til UFCo-havna. I tillegg til dette styrte selskapet sine egne bu-

### GUATEMALA:

Folketall: ca. 10. mill.  
Hovedstad: Guatemala by, 1-2 mill

50% urbefolkning, i hovedsak 21 ulike Maya-grupper

Næringsgrunnlag: stort flertall bønder

2% av jordeierne eier 65% av dyrkbar jord

Fattigdom: 89% under fattigdomsgrensa, 67% i ekstrem fattigdom  
Høy kriminalitet

Militæret har stor makt, økonomisk og politisk. De har egen bank (Havens bank), kontrollerer media, TV sta-

tikker som slukte lønna til arbeiderne i Guatemala, og sin egen politistyrke som holdt brutal kontroll med alle forsøk på arbeideruro.

United Fruit sugde ut enorme rikdommer av Guatemala. Det lille som blei igjen i landet var nok til at diktatorene og deler

av borgerskapet la seg langflate for selskapet. Men landet som helhet vant i bunn og grunn ingenting, det var ei rein plyndring av naturressurser og arbeidsfolk. Alt gikk rett i lomma på rike nord-amerikanere. Slik er imperialismen i vårt århundre.

## USA-STYRT MILITÆRKUPP

I 1944 blei diktatoren Ubico avsatt ved kupp. Bak kuppet sto radikale studenter og arbeidere og deler av militæret. En ny radikal lærer, Arèvalo blei valgt til president. Dette var bebynnelsen på det som har blitt kalt Guatmalas "ti års vår". Arèvalo satte igang noe han kalte en "åndelig sosialisme". Han utfordra på ingen måte kapitalismen, og i realiteten styrte han samfunnet mot en slags forbedra og moderne kapitalime. Men det betydde ikke at han ikke skremte vannet av USA.

### Organisasjonsliv og jordreform

Under den demokratiske våren blomstra organisasjonslivet opp i Guatemala. Det blei danna en haug nye fagforeninger, partier og folkelige organisasjoner. På landsbygda dukka det opp bondeorganisasjoner som tok tak i Guatemalas eldgamle og stivna føydalisme (gammeldags jordbrukssamfunn). I byene dukka det opp fagforeninger, og det kanskje mest skremmende: Kommunist! Guatemalas kommunistparti blei stifta i 1948 (dette er nå en del av URNG-fronten), men hel- og halvkommunisters innflytelse strakk seg langt inn i andre folkelige organisasjoner.

Det mest skremmende for USA var jordreformen. Jacobo Arbenz, som da var president, starta en jordreform (omfordeling av jord) i 1952. Jordfordelinga var da (som nå) utrolig skjeiv hvor 2% eide 72,2% den dyrkbare jorda (mot 65% i

dag). Den nye jordreformen var først og fremst retta mot de største jordeierne, og den jorda de hadde som lå brakk. Etterhvert som jorda faktisk blei fordelt brakte det sårt trengte forbedringer til et stort antall bønder. Det er beregna at 500 000 bønder nøytt godt av ny jord, av en total befolkning på 3,5 millioner.

Naturligvis møtte de nye radikale myndighetene stor motstand fra USA, og United Fruit. Myndighetene støtta arbeiderne på UFCo og jernbanene som nå begynte å fagorganisere seg, til stor fortvilelse for UFCo. Staten tvang seg til boketter-syn av regnskapet, og fant ut at de skyldte 10,5 millioner dollar i skatt. Den amerikanske ambassaden fungerte som aktiv støtte for kompaniet. Bedre blei det ikke da staten ekspropierte [tok] 200 000 acres brakk jord fra selskapet. Staten betalte erstatning ifølge UFCos egen skatteligning på jorda, men selskapet erklærte selvfølgelig at dette var alt for lavt. USAs myndigheter (!) gikk inn og krevde 16,5 millioner dollar istedet for de 1,2 millioner Guatemala hadde betalt etter skattetaksten.

### Militærkupp i 1954

Alt i alt blei den demokratiske våren for mye for USA, og de satte igang kuppforberedelser. Dulles-brødrene var aktivt med i planlegginga. CIA og USAs "State Department" satte igang "Operation



En geriljaleir like utafor Quetzaltenango februar 1997.

Sucess" som skulle "frigjøre" Guatemala. En hær av guatemalanere i eksil og leiesoldater blei bygd opp rett på den andre sia av grensa til Honduras. Hæren blei også utstyrt med gamle amerikanske fly og piloter. I juni 1954 gikk den lille hæren inn i Guatemala. Støtta av bombefly og massiv politisk press fra USA måtte Arbenz overgi makta til militæret som utnevnte ny president.

Kuppet snudde om på hele utviklinga de siste ti åra: jordreformen blei omgjort og bare 0,5% fikk beholde jorda de hadde fått tildelt. I kjølvannet av kuppet blei 8000 tusen politiske aktivister drept og alle organisasjoner knust! USA-kuppet i 1954 knuste alle spirer til opprør og demokrati, og la grunnen for borgerkrigen og den brutale undertrykkinga som har vart fram til i dag.

## ALWAYS COCA-COLA

På 70-tallet satt det militære og deres dødsskvadroner inn en stadig mer aggressiv kampanje mot all form for venstreaktivisme og fagorganisasjoner. Coca-Cola fabrikkens fagforening var en av de som blei hardt ramma. Det var kanskje ikke denne som blei ramma verst, men den er mest kjent.

### Drap og tortur

Konflikten mellom fagforeninga og Coca-Cola tapperiet i Guatemala begynte i 1975 da fagforeninga ønska bedre lønn. De tjen-

te da mellom 12 og 13 kroner dagen. For dette prøvde Coca-Cola å si opp 154 arbeidere året etter. I 1977 begynte ledelsen med dødstrusler mot flere av de fagorganiserte for at de skulle melde seg ut av foreninga. Dødstrusslene blei fulgt opp av kraftigere trusler: Angrep med maskingevær på ledende skikkelser utafor arbeidstida. Politiet lovte i 1978 i et møte med bedriftsledelsen at fagforeninga skulle være knust innen et halvt år. Seinere samme år blei to av lederne i fagforeninga drept. Fram til 1980 blei 10 mennsker fra fagfor-

eningsledelsen drept, flere torturert før de blei skutt. Det var tydelig at militæret og paramilitære (halvmilitære) styrker sto bak volden.

### Solidaritet!

Det var ingen tvil om at sjefen fra Texas som styrte bedrifta sto bak angrepet på fagforeninga, og at han ba militæret om å gripe inn. Han skal også personlig ha trua en av fagforeningssekretærene rett før denne blei drept. Coca-Cola ledelsen i Atlanta påsto lenge at de ikke hadde mu-

# De brente våre gårder de drepte våre menn..

## Kurdistan

Kurdistan er i dag ein koloni under okkupantmakten Tyrkia, Iran, Irak og Syria. Over 20 millionar kurdarar bur i dag i Kurdistan, medan omalg 3 millionar har blitt tvinga på flukt frå heimlandet sitt.

Kurdarane blir i dag freista fornekta som eit folk av okkupantane som ynskjer kontroll over det ressursrike Kurdistan. Dei blir freista å nytta som

**Over 3000 kurdiske landsbyar er brente ned dei siste åra. Den tyrkiske militærstaten freistar knusa kampen for kurdiske frigjering. Rebell har vore i Kurdistan, og møtt den tyrkiske sensuren.**

I Kurdistan:  
Espen Laukeland-Stai

**E**g kjem til å tenkja på Inger Hagerup sitt dikt om motstandskampen i Noreg under andre verdskrigen når vi rullar med bussen gjennom det kurdiske landsskapet, på veg frå Amed (Diyarbakir på tyrkisk) til Mardin i tyrkisk-okkupert Kurdistan. Dei brente landsbyane ligg strødde utover landskapet.

3000 kurdiske landsbyar i tyrkisk Kurdistan er brente ned av den tyrkiske staten. Dei nyttar den samme taktikken for å stogga den kurdiske geriljaen som USA nytta for å stogga

*De brente våre gårder.  
De drepte våre menn.  
La våre hjerter hamre  
det om og om igjen.*

Når vi kjem attende til Amed reiser vi ut til utkanten av byen, kor dei som eingong budde i landsbyane på den kurdiske bygda no bur. Amed hadde i 1990 400 tusen innbyggjarar. I dag har byen truleg over 2 millionar. Det er umogleg å vita det nøyaktige talet. Den tyrkiske regjeringa vedtok, etter at dei byrja leggja den kurdiske landsbygda øyde, at ein ikkje lenger skal ha folketelling kvar femte år, no er det kvart tiande år.

### -Fortel sanninga!

-Dei brente landsbyen vår og sa etterpå at det var PKK som hadde gjort det. Dei brukar gjera det. De må få fram sanninga! Det er politiet og militæret som tek frå oss heimane våre. Dei tvinger oss på flukt og svertar kampen vår for fri-dom, for grunnleggande rettar, for ei framtid. Det er ikkje PKK som er terroristar, det er politiet! Dette seier ein av dei kurdiske flyktningane vi møter.

*La våre hjerter hugge  
med harde, vonde slag:  
De brente våre gårder.  
De gjorde det idag.*

Dagen etter drar vi inn mot midten av Kurdistan, byen Van.

Jo lenger vi kjem inn i Kurdistan jo fleire brente landsbyar ser vi i landskapet.

### Eit møte med sensuren

Ein mann fiskar opp eit bilete frå den landsbyen han sjølv vaks opp i. Han er totalt brent ned.

-Ta med dykk denne rapporten og desse bileta, seier

De brente våre gårder.

De drepte våre menn.

Bak hver som gikk i døden, står tusener igjen.

### Geriljaen er framvegen

Det finst von om ei framtid for det kurdiske folket, sjølv om Tyrkia svir av den kurdiske landsbygda. Folk syntet det i Vietnam, og det kurdiske folket



Frå flyktningleiren i Adana.

Foto: Bjørn E. Hermansen

han og gjev oss ein rapport om brentinga av landsbyane og bilete av brente landsbyar og flyktningar som no bur i telt i utkanten av Van. Vi tek med oss rapporten og bileta.

Når vi skal reisa frå Van blir vi stogga av det tyrkiske politiet. Dei tek oss inn til avhøyr.

Dei finn ikkje med ein gong rapporten og bileta vi fekk. Eg tek sjansen, og seier eg må på do. I avlukket riv eg rapporten i filler og stappar han i do. Når eg trekk opp sprengjer tre soldatar opp døra, stormar inn med maskingeværa framfor seg og byrjar leita i dassen. Dei finn ingenting. Seinare finn dei bileta av brente landsbyar. Utan ein kommentar og utan spørsmål blir bileta fjerna, for alltid.

syner det i dag. Folket vil vinna i kampen mot undertrykkinga. Det kurdiske folket har reist seg. Gamle og unge, flyktningar, muslimar og ateistar, kvinner og menn. Kvar ein kurdar vi møter ser framtida si i den kurdiske frigjeringa.

Som ein student sa det:

-Kvar og ein av oss mange hundre kurdiske studentar du ser framfor deg no er klare til å gå inn i geriljaen. Vi ynskjer ikkje krig, vi ynskjer fred. Men vi veit at vi må kjempa for freden og fridomen. Vi er klare til å gå inn i geriljaen for å kjempa for denne freden. Vi veit det er naudsynt.

Står tusen andre samlet i steil og naken tross.

Å, døde kamerater, de kuer aldri oss.



Tyrkiske soldatar syner stolt fram dei avkappa hovuda til kurdiske gerilja-soldatar.

Vietnam-geriljaen, og som nazistane nytta i Noreg under andre verdskrigen. Dei brenn jorda. Heile det kurdiske folket lid under dette, og fyrst og framst sivilbefolkninga.



# Kjemp for eit fritt

**Den kurdiske frigjeringskampen er eit slag rett i magen på imperialismen. Solidaritetsarbeid for Kurdistan må bli ei viktig prioritering for venstresida i NATO-landet Noreg.**

Av Espen Laukeland-Stai

**V**i har i dag eit problem. Vesten driv med hard kritikk av Tyrkia for brot på menneskerettane. Midt-austen er eit viktig område. Tyrkia er i dag vår kanal inn i Midt-austen, tilhøvet til Tyrkia er viktig og kritikken kan øydeleggja vårt tilhøve til Tyrkia og gje muslimane makta.

Omlag på denne måten ordla Henry Kissinger (utanriksminister under president Nixon) seg då han skulle leggja fram sine tankar om strategi for Vesten i Newsweek tidlegare i år. Han oppmodar ganske enkelt Vesten til å gje blaffen i menneskerettane i Tyrkia for ikkje å mista kontrollen over området. Han gjer som resten av dei mektige: Stør opent ei fascistisk undertrykkarmakt i kampen om kontroll.

## Strategisk viktig

Midt-austen er kanhenda det aller viktigaste området for dei vestlege imperialistiske styresmaktene i dag, i kampen om kontrollen over ressursane. Dei veit at den som vinn kampen om Midt-austen vil kontrollera det området som blir viktigast i høvetil olje-ressursar for framtida.

Midt i dette omstridde området ligg det okkuperte Kurdistan. Eit land fullt av olje. Landet der dei to store elvane Eufrat og Tigris spring ut. Kontrollerer ein Kurdistan kontrollerer ein ikkje berre olje-ressursane, ein kontrollerer òg store delar av vassforsyninga til heile midt-austen og skaffar seg såleis økonomisk, og politisk, kontroll over det viktigaste oljeområdet i framtida.

## Kurdistan står i vegen

Men dei har eit problem. Mot det fascistiske Tyrkia, og det imperialistiske vesten har det kurdiske folket reist seg gjennom den best organiserte frigjeringsrørsla i verda i dag, med det kurdiske arbeidspartiet PKK i spissen. Ei frigjeringsrørsle som har støtte frå over 80% av kurdarane frå tyrkisk-okkupert Kurdistan. Ei rørsle som ikkje berre er den best organiserte frigjeringsrørsla i eige land, men samstundes den sterkaste revolusjonære

rørsla i Europa i dag. Hundretusenar av kurdiske flyktingar gjev politiske og økonomiske bidrag til kampen, oftast gjennom frigjeringsfronten ERNK. Berre

i Tyskland finst det omlag 700 tusen kurdarar, og dei organiserer demonstrasjonar med opp til 200 tusen menneske, i Tyskland!

## PKK

Og partiet som står i spissen for kampen, PKK, driv ikkje berre med nasjonal frigjeringskamp. PKK er eit sosialistisk parti, med sosial frigjeringskamp frå kapitalismen over heile jorda som mål.

Og dei vestlege styresmaktene veit det. Dei veit at Kurdistan kan bli NATO's neste Vietnam, og dei veit at dei står i fare for å tapa mot det kurdiske folket. Difor er kurdiske organisasjonar forbode i Tyskland, og i Frankrike. Difor vert ERNK-representanten i Noreg

sportløyve, og industrikapitalen tjener seg feit på den skitne krigen i Kurdistan.

## Støtt kurdarane!

Solidaritetsarbeid for Kurdistan er det siste Makta ynskjer at vestleg ungdom skal driva med. Men likevel er det nett dét stendig fleire gjer. Politisk kamp, støtte og solidaritet med det kurdiske folket bør vera viktig for ein kvar anti-imperialist i Noreg. Det handlar om å velgja side, mot våre egne herskarar, for dei undertrykte og koloniserte i tredje verda. Kurdarane sin kamp er ein kamp for heile menneskeslekta. Ein kamp mot fascisme, imperialismen og alle former for undertrykking. Folket reiser

PKK, Det Kurdiske Arbeidspartiet, er i dag hovudkrafta i opprøret i Kurdistan. Dei var skipa i 1978 som eit revolusjonært marxistisk parti. Dei har i dag stønad frå over 80% av kurdarane i tyrkisk-okkupert Kurdistan.

PKK skipa i 1984 Den Kurdiske Nasjonale Frigjeringshæren ARKK, og starta 15. august 1984 den væpna kampen mot okkupantane.

I dag organiserer dei folk i Den Kurdiske Nasjonale Frigjeringsfronten ERNK, og har stått i spissen for opprettinga av eit kurdiskt eksilparlament og ein eigen kurdiske TV-kanal, MED-TV.



seg - bli med og kjemp for å reisa fridomsfana over Kurdistan!

**Lenge leve den internasjonale solidariteten!**  
**Lenge leve Kurdistan!**  
**Biji Kurdistan!**

Newroz i flyktingeleiren i Adana. Newroz er den kurdiske nasjonaldagen, og den viktigaste politiske markeringsdagen i frigjeringsstriden.

Foto: Bjørn E. Hermansen



15.000 samla til Newrozfeiring i Adana

# Økofeminist!

**Når du ser på den vesle sjalkledde kvinna med eit evig smil kring leppene er det lite som tyder på at du sitt saman ein leiar for millionrørslar, ein ideolog for feministar verda over, initiativtakaren til protestaksjonar som har tvinga multinasjonale konsern ned på kne. Men ho er Vandana Shiva. Ho er kvantefysikar av yrke, men har via livet sitt til å slåss for rettane til fattigbøndene i India, mot åtaka frå imperialistane og marknadsliberalistane. Rebell møtte henne i Trondheim.**

Av Pål Hellsenes

## Kvinnekamp og miljøkamp

**V**andana Shiva meiner miljøkampen og kvinnekampen er nært knytt til kvarandre. Ho fortel litt om kvifor:

-Delvis av di dei er knytt saman i mitt eige liv, men og av di dei heng saman i dei rørslene eg har jobba i, både i Chipkorørsla der kvinner i Himalaya omfemna trær for å hindra at dei vart hogne ned, eller dei nyare rørslene mot akvakultur, der det òg er kvinner som tek initiativet mot miljøødeleggjingane.

-Kvinner slåst oftare og meir aktivt enn menn mot miljøødeleggjingar. Dette skuldast i stor grad arbeidsdelinga i samfunnet, som har gjort at kvinner er meir opptekne av helse, oppvekstskåra for borna, kvaliteten på vatnet og alle slike ting. Dei gjer arbeidsdelinga til ei kraft for miljøvern. Eg kunne nemna andre døme - Bhopal, Lafkanal osv. Ein må vera blind om ein ikkje ser denne koplinga. Dette har ingenting å gjera med at kvinner frå naturen si side er nærare naturen eller biologisk meir disponert for miljøvern, samfunnet har forma menn til ikkje å bry seg om miljøproblema, mens kvinner tek seg av det.

### Arbeidsdeling

*-Du seier at arbeidsdelinga spiller ei viktig rolle i dette, korleis då?*

-Arbeidsdelinga i samfunnet har vorte kunstig skapt og halde oppe gjennom ei serie historiske hendingar. Eg trur kvinner og menn alltid har drive med forskjellige gjeremål, men dette har ikkje alltid vore eit hierarkisk system - "kvinne"arbeidet har ikkje alltid vorte sett på som noko mindreveldig. Men så kjem kolonialismen, der plantasjejordbruk vert sett på som overordna sjølbergingsjordbruk. Fylgjeleg vert mennene, som arbeider på planta-

og økonomiane blir tilpassa gruvearbeid, cash-crops, og industri, der mennene jobbar.

-Etter mange generasjonar med denne framandgjeringa er mennene ikkje lengre klår over at bekkane renn tørre, at matsystema bryt saman, eller at artsmangfaldet i naturen forvitrar. Det er kvinnene, som heile denne tida har halde til på gardane, som ser desse tinga.


### Einskap mellom kvinne og mann!

*-Så imperialismaktane har gjennom kolonialismen skapt seg ein lojal underklasse, mennene, som ikkje sjølve ser den livsfaren dei er i?*

-Eg meiner at når du har ein slik oppdeling av økonomien over tid, splittar du kjønna frå kvarandre. Menn og kvinner sine sams interesser i samfunnet brytast ned, det oppstår ei kjønnskluft, der eit kjønn allierar seg med herskarane mot resten av samfunnet. Dei får ikkje sjølve halda på rikdomane, dei blir berre agentar for maktthavarane si tilraning av ressursane.

Vandana Shiva meiner det er fullt mogleg å få vekk kløfta mellom kvinner og menn i dei undertrykte klassene, for mennene er også offer for det systemet som held kvinnene aller nederst.

-Feminisme er ikkje berre for kvinner, vi treng ei rørsle der både menn og kvinner strir for eit meir likeverdig samfunn. Begge kjønn må ta del i forminga av framtida.



sjene, sjølv

om dei er slavar for den kvite mann, sjefar over kvinnene, som driv små sjølbergingsgardar. Vi får ein situasjon der mat, klede, hushald, og vatn er kvinnene sitt ansvar,

Eit par bøker:

"Til livets opphold"  
Oktober forlag  
1989

"Monocultures of  
the mind"

## Økologisk landbruk?

**F**ins det ei motseiing mellom økologisk matproduksjon og moderniseringa av jordbruksindustrien?

-Ja, industrialiseringa av matproduksjonen går utover miljøet. Vi har vorte tuta øyrene fulle av at utan industrielt jordbruk blir det ikkje nok mat, og såleis at nok mat til alle føresett øydeleggjing av livsgrunnlaget på jorda. Eg har studert jordbruksproduksjon i 15 år, og det eg har funne syner at økologisk landbruk produserer nok. Det er berre det at du må sjå omgrepet "nok" frå den rette vinkelen. Om du ser på jorbruket i eit mangfaldsperspektiv, og ser på dei 20 ulike avlingane ein liten økologisk gard kan produsera, og reiknar med det du sparer gjennom sjølvkost og å innlemma husdyrholdet i hushaldninga, finn du at ein økologisk gard produserer meir.

-Det at målestokken for dei industrielle gardane syner deg at du produserer meir ved hjelp av monokultur [å dyrka ein ting på store areal, for å gjera bruk av dyre maskiner og plantegifter lønsamt], tyder ikkje at systemet som heilskap produserer meir. Om du samanliknar dei to formane for jordbruk, finn du at ein økologisk gard nyttar 5 einingar energi for å produsera 100 einingar energi (mat), medan tilhøvet

for ein industriell gard er 300 til 100. Når du har avgrensa ressursar er det klårt meir vettugt å nytta 5 einingar for å produsera 100, enn å kasta bort 300. Det industrielle landbruket er i røynda eit særst lite effektivt system.

### Er økologisk landbruk mogleg?

-Er det mogleg i dag, når vi er avhengige av det moderne, industrielle landbruket, å skifta om til økologisk landbruk?

-Det industrielle matsystemet er i ferd med å bli eit totalitært system. 1996 var ein milepæl i denne utviklinga. Frå då av vart det slik at om du ikkje er villig til å eta genmanipulert mat, eller mat du ikkje veit kva er, så har du snart inga rolle som konsument lengre. For å oppretthalde dette systemet, bygd på desinformasjon og maktbruk, blir det naudsynt å nytta meir og meir makt.

-Maktbruk har ei grense, og attom denne grensa bryt systemet saman. Det industrielle matsystemet har nådd ei grense, det kan no berre overleva gjennom 2 overgrep: Eitt overgrep mot bøndene, som no må sjå på sitt vanlege virke som tjuveri. Til dømes er det å dela såkorn no eit brotsverk grunna eigedomsrett og patentar.

Åtaka på bøndenes rettar til å lagra og utveksla såkorn er eit prosjekt som er dømd til å mislukkast. På den andre sida eit overgrep mot forbrukarane sin rett til å vita kva vi et og kva vi kjøper.

-Økologisk landbruk kan vera eit alternativ til denne utviklinga, eit alternativ som ikkje øydelegg livsgrunnlaget vårt, som skaper jobbar, og som kan sikra fred, gjennom å motvirka arbeidsløyse og sosial oppløysing. Vi må setja økologien inn i ein samanheng, og vurderer dette perspektivet opp mot heile det systemet vi lever i i dag.



Vandana Shiva har eit noko anna syn på kva som er "Kvinnas Plass" enn det kulturimperialismen har...

## Patent på liv

**D**u talar om selskap som tek ut patent på såkorn og liknande. Korleis skjer dette?

